



Referanser:

Arkivsak: 22/02722-10

UKM 03/22 Val på Ungdommens kyrkjemøte 2022

Samandrag

Ungdommens kyrkjemøte gjennomførte flere val.
Valkomiteen som vart valt på UKM 2021 har vore:

Frida Pynten, leiar
Inga Dekko, medlem
Sondre Søndervik, DnkU-representant

Til Ungdommens kyrkjemøte er Nora Antonsen supplert inn som medlem på vegner av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval.

Forslag til vedtak

Valkomiteen legg fram følgande forslag til val på Ungdommens kyrkjemøte 2022:

Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for to år:

3 medlemmar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 2 år:

1 medlem av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval for 1 år:

3 representantar til Kyrkjemøtet 2023:

2 medlemmar av valkomiteen for Ungdommens kyrkjemøte 2023

Saksorientering

Bakgrunn

Ungdommens kyrkjemøte skal velje tre delegatar til å reise på Kyrkjemøtet 2023. Kyrkjemøtet blir arrangert 4. - 9. august 2023 i Trondheim, med formøte for delegatar som reiser på vegner av Ungdommens kyrkjemøte.

For dei tre representantane vel UKM 2022 også vararepresentantar i rekkefølge. Leiar av Den norske kyrkja sitt ungdomsutval reiser også til Kyrkjemøtet 2023.

Den norske kyrkja sitt ungdomsutval (DnkU) skal vere Den norske kyrkja sitt rådgivande organ i saker som gjeld unge sin situasjon i kyrkje og samfunn, både nasjonalt og internasjonalt, og skal hjelpe til ved førebuing og gjennomføring av Ungdommens kyrkjemøte. Utvalet kan også på eige initiativ ta opp aktuelle saker innan sitt område.

Ungdommens kyrkjemøte skal velje:

- 3 medlemmar av DnkU for to år
- 1 medlem av DnkU for eitt år.

Valkomiteen til Ungdommens Kyrkjemøte 2023 har ansvar for å skaffe kandidatar til vala under møtet.

Dei som skal sitje i valkomiteen kan ikkje stille til val på neste års Ungdommens kyrkjemøte, verken som medlem til DnkU eller som representant til Kyrkjemøtet 2024. Det er hove til å ta attval til valkomiteen om ein er delegat til møtet. DnkU nemner opp ein representant og Ungdommens kyrkjemøte vel ytterlegare to medlemmar til valkomiteen.